

MÅLLAGET I KRISTIANSAND

Protokoll frå årsmøte tysdag 12. februar 2019

18 av lagsmedlemene hadde møtt fram i Mållagsstova, inkl. styret og reiseskrivaren frå Mållaga på Agder.

Sak 1: Opning med godkjenning av innkalling og sakliste

Leiar Solveig Lima ynskte velkomen til årsmøtet.

Innkallinga vart samrøystes godkjent. Sak 7 og 8 på saklista vart føreslege bytt rundt, slik at årsmeldinga for G11 AS kjem før budsjetthandsaminga. Årsmøtelyden godkjende så saklista.

Sak 2: Val av møtestyrar

Leiv Storesletten vart vald til møtestyrar.

Sak 3: Val av skrivar

Borghild Løver vart vald til møteskrivar.

Sak 4: Val av to til å skrive under møteprotokollen

Årsmøtelyden valde Ole Steffen Gusdal og Gyro Nesland til å skrive under møteprotokollen.

Sak 5: Årsmelding for lagsdrifta

Ronny Rognhaugen la fram årsmeldinga. Det kom to merknader: Revisor for lagsrekneskapen er Olav Molland. Kransnedlegginga byrja om lag på midten på 2000-talet. Årsmøtelyden godkjende årsmeldinga med desse merknadene.

Sak 6: Rekneskapen for lagsdrifta

Lagsrekneskapen vart gjennomgått av Solveig Lima. Revisjonsmelding frå Olav Molland låg føre. Årsmøtet godkjende samrøystes den reviderte rekneskapen.

Sak 7: Orientering frå Gyldenløvesgate 11 Eigedom AS

Ole Steffen Gusdal orienterte frå drifta i lutlaget i 2018 og utleigesituasjonen på bygget. Ei skriftleg orientering låg i tillegg føre. I styret sit dei same som året før: Ole Steffen Gusdal (leiar) og Kari Mysen (styremedlem) frå BUL-Kristiansand, og Jan Petter Horn (nestleiar med ansvar for økonomi/rekneskap) og Dag Olav Hagen (styremedlem). Varamedlemer er Borghild Løver (referent, frå mållaget) og Oddmund Loland (frå BUL-Kristiansand). Dessutan har Solveig Lima møtt på alle styremøta og hatt ansvar for kontorhald og betaling. Dugnadstimar som vert utførte av laga, vert betalte med 150 kr frå lutlaget. Årsmøtet tok orienteringa til vitande.

Sak 8: Budsjett for 2019

Solveig Lima greidde ut om budsjettet for laget i 2019, der utgiftene og inntektene balanserer med 396.000. Merknad frå Olav Molland om at dersom det ikkje hadde vore så gode pengar å tene, så hadde me ikkje hatt satsinga på Agder. Og hadde det ikkje vore for satsinga til Mållaga på Agder, så hadde stoda for mållaga vore annleis, inkludert Mållaget i Kr.sand. Stor honnør til skrivaren for Mållaga på Agder og styret for G11 AS med Ole Steffen Gusdal i spissen. Det kom fram eit ynske for neste års årsmøte om ei orientering om koss pengane til Mållaga på Agder er brukt. Årsmøtelyden godkjende budsjettet med ovannemnde merknader.

Sak 9: Vegen vidare for Mållaget i Kristiansand

Ronny orienterte frå spørjeundersøkinga som vart halde i november: Høgste medlemstalet var 144 i 1988. Minste medlemstalet var i 1999, med 77 medlemmer. Det er like mange damer som herrar i laget, og gjennomsnittsalderen er 68 år (landsgjennomsnittet ligg på 60 år).

Svarprosenten var 18% (23 svar). Slik såg ynska i høve tema ut: dialektar, litteraturkveld, bokbad, lokalhistorie, filosofi. Rekruttering og innarbeiding av yngre medlemmer er eit viktig område å jobbe med, og me bør ha eit hårete mål om å bikke 150 medlemmer i 2020.

Frå salen kom det innspel om å ha eit tettare samarbeid med litteraturkveldane på biblioteket. Årsmøtelyden tok orienteringa til vitande.

Her var det på tide med ei matøkt. Leiv Storesletten las dikt.

Sak 10: Val

Valnemnda, som var Øyvind Grov, Svein Slettan og Gyro Nesland, hadde gjort eit godt valarbeid føre årsmøtet, og årsmøtelyden gjekk samrøystes inn for valnemnda sitt framlegg:

Leiar for eitt år: Solveig Lima

Val av styremedlemer:

Tobbi Kvaale (ikkje på val, 1 år att)

Ronny Rognhaugen (ikkje på val, 1 år att)

Ernst Håkon Jahr (nyval for 2 år)

Sylfest Lomheim (attvald for 2 år)

Val av varamedlemer for eitt år:

Kjellaug Kvalsvik (1. vara, attval for 1 år)

Gyro Irene Nesland (2. vara, nyval for 1 år)

Val av valnemnd (for 1 år): Øyvind Grov, Svein Slettan og Gyro Nesland.

Val av 6 utsendingar til fylkesårsmøtet 16. mars: Tobbi Kvaale, Dag Olav Hagen, Maria Viken, Ronny Rognhaugen, Gyro Nesland og Solveig Lima. Vara: Bjug Åkre.

Val av 3 utsendingar til landsmøtet i Noregs Mållag: Det er ikkje landsmøte i år, så dette er ikkje naudsynt.


Val av revisor for lagsrekneskapen: Olav Molland

Sak 11: Innkomne saker

Det var ingen innkomne saker. Flotte blomar vart delt ut til Leiv, Olav M., Solveig og Borghild.



Gyro Nesland



Ole Steffen Gusdal